



## Statens vegvesen

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG


Behandlende enhet: Region vest      Saksbehandler/telefon: Marianne Skulstad / 55516253      Vår referanse: 15/210623-3      Deres referanse:      Vår dato: 22.12.2015

### Vedr. søknad om avkjørsle for ny bolig – Fv. 564 – gnr. 45 bnr. 130 – Meland kommune

Statens vegvesen har mottatte søknad frå Frisk Bolig AS v/Silje Wik, om utvida bruk av avkjørsle frå fv. 564. Søknaden gjeld ny bustad med utleigedel på gbnr. 45/130 ved Vikebø i Meland kommune.

I kommuneplanens arealdel ligg eigedomen i område B\_13. I føresegn § 1.2.1 er det krav om reguleringsplan før tiltak etter pbl. §§20-1 og 20-2 vert tillate i områder for framtidig bygg og anlegg. Tiltaket krev difor dispensasjon frå kommuneplanen.

Eigedom gbnr. 45/130 har tilkomst frå privat veg til fv. 564 Rosslandsvegen. I gjeldande reguleringsplan for Bergotunet, PlanID 125620110002, er dagens avkjørsle frå fv. 564 stengt, og den private vegen har tilkomst frå kommunal veg Skintveitvegen.



Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

**Førehandsuttale**

Statens vegvesen meiner at det er trong for å sjå heile området B\_13 samla, der ein kan vurdere tilkomst- og trafikkforhold i ein samanheng. Det er eit utflytande trafikkområde i krysset i dag, og Statens vegvesen vil motsetje seg utvida bruk av dagens avkjørsle frå fv. 564. Etter vårt syn bør denne avkjørsla stengast, i tråd med gjeldande reguleringsplan, før det vert gitt løyve til tiltak etter pbl. §§20-1 og 20-2 i område B\_13.

Plan og forvaltning – Bergen

Med hilsen

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

Kopi

Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN  
Frisk Bolig, Wernersholmvegen 81, 5232 PARADIS

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*